


AM

UTGJEVE AV JØLSTER

- MÅLLAG -

1987 - 4 - ÅRG



Skog.

Audhill Paus Skrede -85

Jølster Mållag

Styret 1986:

Jon Gåsemyr, formann
Laila Hov Sandnes, Annborg Brekkhus, Kåre Lien,
Jarle Helgheim, Reidun Håheim Bolset (varakv.)

Adresse til mållaget for dei som vil bli medlem:

Jølster Mållag
Annborg Brekkhus
6840 Vassenden i Jølster

Postgiro 3 06 13 63

Medlemspengane vert for 1988 kr. 100,-

Norges Mållag har auka medlemskontigenten til kr. 80,- så kjem kr. 5,- til Firda Mållag. Skal det så bli noko til lokallaget må medlemspengane høgast til kr. 100,-

Innhald:

Bilete av Audhill Paus Skrede.....	2
Jølster Mållag	3
Omtale av den nye boka til A.O. Klakegg.....	3
Presentasjon av Olav H. Hauge.....	4
A.P. Sægrov	5
Jølster Skisenter	7
Støa	9
URK	
Ungdommens Røde Kors i Jøster.....	10
Eikås Ungdomslag.....	12
Grindagut.....	14
Dikt av Ingunn Skeide.....	15
Gamleskulen	16
Måldyrkingslaget på Ålhus	17
Vassenden skule.....	18
Karusellrenn	20
Premieoppgåve.....	21

Bokdag

Laget si årwise tilskiping, bokdagen, blei i år halden på Skei. Laget følgde opp suksessen frå i fjor med å få tak i kjende lyrikarar. I år fekk vi vitjing av Olav H. Hauge og kona hans, Bodil Cappelen. Dei presenterte siste boka ABC, eit samarbeid av dei to kunstnarane. Olav H. Hauge blir rekna som den største lyrikaren i Noreg etter krigen. På oppmoding frå salen las han opp diktet til eit Astrupbilete.

Elles hadde vi to gode programinnslag av elevar frå Skei skule. Nokre 8. klassingar hadde laga ein god sketsj over tema frå Hårek, og song og musikkgruppa hadde arrangert og øvd inn fire viser. To av desse visene hadde tekst av Olav H. Hauge og han ga sjølv uttrykk for at han sette stor pris på programinnslaget.

Huus bokhandel hadde i år ei stor og god utstilling av bøker og mange nytta høve til å kjøpe diktsamling av Hauge og få boka signert av kunstnaren.

*

Styret

vil med dette rette ei takk til alle som har støtta laget med gode stykke til bladet Jølst. Utan slik støtte ville det vere umogeleg å gje ut dette bladet.

Audhill Paus Skrede har i år hjulpet oss med kunstnarleg utsmykking i bladet.

*

Anders O. Klakegg

Astrup, Kinck og Jølster

Det er sjølsagt mange måtar å sjå den store kunstnaren Nikolai Astrup på — frå det rotnorske til det universelle. Anders O. Klakegg ser både han og hans folk i sitt eige intime Jølster-miljø. I hans bok kjem kunstnaren til oss i si lokale heimegrend, livsnær og menneskeleg, med store religiøse og sosiale motsetnader, med dagar og netter i ufatteleg mystikk av urtids krefter bakom bål og brising — alt levandegjort i ei kompakt form.

Astrups merkelege brev til *Hans E. Kinck*, som her kjem på prent, er eit svar til alle som er fanga i undring og meditasjon av hans vitale kunst. No kjem det for ein dag at Astrup ogso var ein suveren meister i ord og livstilbeding. Dette er eit verk i serklasse i vår litteratur.

Olav H. Hauge

Ein kort presentasjon av europearen frå Ulvik

Av Kåre Lien

Laurdag 7. november var ein stor dag i Jølster: Vår fremste lyrikar, Olav H. Hauge, vitja bygda saman med kona si, biletkunstnaren Bodil Cappelen, og gjorde bokdagen 87 til ei fin oppleving.

Hauge debuterte i 1946 med samlinga «Glør i oska», og allereie debutsamlinga vart lagt merke til. Seinare har han gitt ut ei rekkje dikt-samlingar, og unge lyrikarar og diktarar som Jan Erik Vold, Einar Økland, Arnljot Eggen, Paal-Helge Haugen og Georg Johannesen har alle lese Hauge og vorte inspirerte av han.

Dikta til Olav H. Hauge tek ofte utgangspunkt i det nære og konkrete, og med dette utgangspunktet får han sagt viktige ting med langt vidare perspektiv. Diktet «Under bergfallet» kom ut i 1951.

UNDER BERGFALLET

*Du bur under bergfall.
Og du veit det.
Men sår din åker
og trør trygt ditt tun
og let dine born leika
og legg deg
som inkje var.*

*Det hender,
når du stør deg til ljåen
ein sumarkveld,
og augo sviv som snarast
yver bergsida
der dei segjer
sprekken
skal vera,
og det hender
du vert liggjande vaken
og lyda etter
steinsprang
ei nott.*

*Og kjem raset,
kjem det ikkje uventa.
Men du tek til å rydja
den grøne boti
under berget
- um du då har livet.*

Olav H. Hauge vart fødd i Ulvik i Hardanger i 1908. Han er gartnarutdanna, og har ein eplehage som har gjeve han store gleder og inspirasjon til mange dikt. Hauge har alltid vore ein heimekjær diktar, som Hans Børli, men i dikta sine er han europear og internasjonal, som òg Børli er det.

LES LU CHI OG LAG EIT DIKT

*Les Lu Chi og lag eit dikt.
Han segjer ikkje korleis det skal vera.
Mange har måla ei eik fyrr.
Likevel måla Munch ei eik.*

Dette diktet stod i «Spør vinden» frå 1971, og det same gjorde diktet «Det er ikkje berre soli og Vårherre som ser kva som skjer», der han skriv bl.a.:

*..... jamvel me her i grendi har som eit auga med
slagmarkene og slumstroki, med månen og
aksjebørsen i
Hong Kong, um våpensmidjone
ryk som fyrr,.....*

I boka «Dropar i austavind» står Hauge på tunet heime, han ser over mot eplehagen sin der austavinden ruskar i greinene og kjem med inntrykk frå fjerne land. No skriv han om spikar og sag, om osp og bjørk, om ljå og sleggje og eit lite dikt om katten.

KATTEN

*Katten sit
i tunet
når du kjem.
Snakk litt med katten.
Det er han som er varast i garden.*

Og han har med eit litt underleg måne-dikt:

I DAG SÅG EG

*I dag såg eg
tvo månar,
ein ny
og ein gamal.
Eg har stor tru på nymånen.
Men det er vel den gamle.*

I fjor gav Hauge ut ei ABC-bok saman med Bodil Cappelen, og det var dikt og bilete frå denne boka dei framførde på Skei. Her er A-diktet:

*Kvar får gapa
som Gud har skapt,
sa apa.*

Olav H. Hauge representerar både tradisjon og fornying i norsk lyrikk, han har ei enorm spennvidde, han er nasjonal og internasjonal i tema og uttrykksmåte, og han er den største lyrikaren i Noreg etter krigen.

Det var ei glede for Jølster Mållag å ha Hauge og Cappelen på vitjing.

Bygda vår og menneska slik dei var

Av Anders P. Sægrov

Dei eldste bilete som finst her i Jølst av forfedrane våre er over hundrad år no. Dei var i deggaste laget, fotokunsten var i sin barndom då. Litt seinare for ein tiltaksam kar frå ei av bygdene her til Tyskland for å lære faget. Han for sidan frå gard til gard og — fotografen heitte Hegg. Folk tykte det var forvitneleg å kome på prent. Men det var ikkje so ofte dei var heilt nøgde med resultatet. Ein huslyd hadde fotografert seg som mange andre. Men det synte seg at fotografen hadde fått til so mange rukker i husbonden sitt andlet at husbonden ville ikkje godta det, so stygg kunne han vel ikkje vera? Men kona sa: Jammen er du like deg!

Men ymse rispor som har gått på folkemunne i lange tider gjev ikkje noke ringare bilete av desse menneska. Det fortel oss korleis dei tenkte og handla i dei ymse høve. Det kjem og fram kva slags kår dei levde under i den tid, og vi kan ha nytte av å stogge ved det:

Ein skulle vente at mange kjende det som eit sagn at dei ikkje meistra lese- og skrivekunsten. Men det var visst ting dei sakna meir enn det. Då lova om almue skulen kom i 1742, møtte den mykje motstand i Jølst. Det fedrane mest hefte seg ved var at borna vart opp-tekne med skulen 10-12 veker i året. Det visste dei kom til å merkast i arbeidslivet. Det var so mykje som var «barnarbeid» i den tid - -. Vinterkveldane i det dimme lampeljos var det mange hender i verksemd i dei store bondestovene. Og der sat også ei slevnug jente eller ein liten gut og vinda varp av ei rokkesnelle, når den eine snella var undangjord kom der ei ny, det ville ingen ende ta.

Når vinteren endeleg drog seg attende og våren kom med fridom for små og store dyr, so måtte borna røkte sine plikter som aldri før, dei skulle gjæte smalen og få den i hus om kvelden. Og i sommarvinna måtte både små og store nevar vere med. Og når dei mange ljåane skulle slipast, måtte smågutane snu slipesteinen. I det gamle bondesamfunnet måtte kvar yte etter si evne, og vel so det. Alle visste kva som var deira plikt. Det var ikkje noke anna enn **lungebetennelse** og **blodsforgift** som var gyldig grunn til fritak for pliktene - - !

Sommaren 1886 vart den nybygde kyrkja i Haukedalen innvigd. Det var stor høgtid og mykje folk på Haukedalen den dagen. Mor mi var med i eit fylgje frå Myklebost. Dei gjekk gjennom Skrøklungen fram og attende på dagen. Jentene mjølka både morgon og kveld. Dei kava ikkje med å skaffe avløyser i den tid!

Sommarvinna med ljå og rive ville ingen ende ta. Men vårvinna var likevel den hardaste. Det var berre rimeleg at jølstra-bøndene var lite glade då nokre eldsjeler fekk ungdomen med på 17. mai-feiring. Var det tid til å feste midt i vårvinna? Det var ein mann her i grenda som heitte Anders, det var det no mange som heitte i den tid. Det var med han Anders som med mange andre: Han hadde fått den syttande i vrangstrupen. Ein annan mann her i grenda heitte Johannes, men det var berre kona hans som sa Johannes. Alle dei andre sa «målareren». Og det namnet var han rettkomen til, for det var han som sette farge på alle dei gråe husa i grendene våre. Han var også den første her i grenda som heiste det reine norske flagget, det og fortel vel litt om denne mannen. Desse to karane hadde avtala å gjere bytearbeid. Han Anders måtte opp tidleg 17. mai morgon for å ta dette arbeidet som han skulda sin gode granne. Han Anders tykte vel han slo to fluger i ein smekk når han møtte opp ein slik dag, for stilt sagt, det var også ein liten demonstrasjon mot dette nye påfunnet. Og det forstod «målareren» òg. Dei arbeidde som nokre heltar til det var middag. Då middagen var vel innabords, tok målareren på seg sine beste klede og reiste på 17. mai-festen i grenda, og Anders vart åleine med tungarbeidet. Det var vel ikkje til å ta feil av, her var ein mot demonstrasjon..... Dette var frå unionstriden sine dagar.

Nye påfunn og nye driftsmåtar såg jølstringane på med mistru. Det var litt vågnad med å prøve noke nytt. Ein bondegut hadde vore på jordbruksskule og kom heim og ville prøve å brigde på litt av kvart. I solhallet ved husa planta han epletre. Det var vel litt forgale å ta bort beste jorda til slikt meinte folk. Men då dei skulle setje potetene, vart galskapen endå meir synleg for alle. «Agronomen» ville ha så stor avstand mellom potetforene at ingen hadde sett slikt. Og dertil så langt mellom potetene i fora, at det var ikkje måte på det heller. Det vart nok uår på potetene til hausten, spådde faren, dei kom til å døy av lengsel!

Under første verdskrigen kom til ymse nytt, det vart meir pengar mellom folk. Ein og annan av dei blåøygde meinte ein måtte få til noke som kunne gjere kvardagen lettare. Politkarane tok til å lure på om ikkje tida no var inne til å byggje ut elektrisk kraft. I desse fire krigsåra hadde bygdefolket gått og famla i det skrøpelege ljuset frå parafinlampene. No måtte dei vel vere lette å få med på eit slikt skippartak.

So vart det møte om elektrisitetsaka. Jølstringane var ikkje så møtevande i dei dage. Men nokre våga seg fram på med spørsmålet: Kor skal vi skaffe pengar til alt dette? Ved å take opp billege lån... svara politikarane. Men det var noke jølstringane var redde, so var det **skuld**. Det var kostnaden og so den store eldsfåren, gamlekarane var «betenkt» over. Det var det som kom fram når saka vart dryfta på krambua og på grendemeieriet. Han far hadde ei samtale med mjølkekøyraren som for gjennom grenda ein sommar morgon. Eg, småguten, stod og høyrde på. Eg hugsar sluttsatsen til mjølkekøyraren «No skal heile landet få elektrisk kraft. Ja, vell men den dagen det skjer, då står heile landet i lys loge!» Mjølkekøyraren slo ut med hendene, gav hesten eir rapp. Mjølkekjerra skrangla vidare til grendemeieriet. Og før han tok til å snu seperatoren, vart vel saka drøfta på nytt med tenksame bønder. Og der var det tolleg god semje om at det var vel best å bale på gamlemåten....

Dei hadde nok små ressursar dei gamle fedrane våre. Men likevel var det svært vanleg å leggje seg opp reservar. Ein måtte ha noke å møte vonde tider med. Det hadde gått dei i blodet. Ein hardbalen husmann i grenda vår hadde vorte sjuk og arbeidsufør nokre veker. Han vart nøydd til å leige ein mann nokre dagar for å få turvande arbeid undangjort. Ingen rekna vel med at han hadde noke å betale med. Men det synte seg at han hadde rikeleg til å betale desse daglønene. Han hadde «banken» under hovudputa. Leigekaren fekk både takk og betaling. Om desse pengane kan ein trygt seie: «**Det var storkna menneskesveitte**».

Dei var bra sjølvhjelpne dei gamle jølstringane. Til kvardagsbruk var dei også vel tente med jølstramålet, dei forstod kvarandre. Men når dei kom til kyrkja, brukte dei eit anna mål. Og når dei skulle føre noke i pennen, brukte dei og noke dei kalla riksmålet. Omlag jamsides med unionstriden kom **målsaka**. Her og der var nokre ungdomslag. Og der song dei «Mellom bakkar og berg ut med havet», og «at far min kunne gjera» osv. Og etter noke strid kom også Blix-salmane inn i kyrkja. Desse songane og salmane vart dei unge glade i. Men «målet» hadde og nokre ord som jølstringane hadde vanskar med å godtake. Ordet byrja var rett og slett svensk, og det var ikkje bra i dei tider. Ord som dauda og daude var stygt. Men då dei lærde seg til å lese desse orda rett, vart det ikkje so verst. Men når dei kom over ord som «Den heilage ande», var det reint forferdeleg! Men so kom den nye fedrelandssongen «**Gud signe vårt dyre fedreland**». Den vart mykje sunge då det var mest spanande i 1905. I den songen kjende dei beint fram: Her var deira kjensler tolka - - .

Omlag samstundes som dette gjekk føre seg, vart det registrert nokre skapningar som kalla seg «totalistar». Desse folka braut heilt med dei gamle skikkane. Dei sette både øl og brennevin på svartelista. Elles var dei omlag som anna folk. Det hadde vore slik frå gammalt

av, at ei eller fleire brennevinsflaker stod vel forvara i bua. Dei dagar som stakk litt opp over kvardagen var dei alltid inn om bua. Brennevin var «vigslevatnet» som dei aldri forsømde å bruke i slike høve. Og ei «god» flaske i sengekråa om noke kom på, hadde dei sett på som ei livsforsikring. Totalistane vanvyrde alt dette og gjekk likevel rundt og var i beste velgåande år etter år - - .

«Lesarane» og lekmannsrøsla hadde vore ukjent for jølstringane fram til 1870 åra. Når emisærane då kom og heldt møte i grendene, vart folk forstøkte. Slikt tykte dei presten kunne bale med. Dei hadde betalt han for det, og han hadde slikt å gjere. Dei reiste mann av huse til kyrkja kvar preikesundag no som før. Og når det ikkje var preikesundag, las dei huspostillen. Pontoppidans forklaring hadde vore pugga i over hundre år. Bibelkunnskapen var slett ikkje dårleg. Det kom tydeleg fram i ordskippe. Når det var gravferd, hadde dei den skikken då at når dei var vel ferdige med middagen sette dei seg på bordkanten og diskuterte Bibelen. Dette kunne gå føre seg etter at leskunsten hadde vore allmanns eige i over hundre år. Det fanst dei som var so sprenglærde at dei viste kor mange søyler det var i Salamons tempel!

Men når desse lekpreikarane kom, vart det slik uro i folkemugen. Desse preikarane hefte seg ikkje so mykje ved Salamons tempel. Dei tala slik at folk kom i naud for si sjel. Og mange folk riste på hovudet og tykte at no var det rare tide. At slike som hadde levd eit ugudeleg liv såg seg fortapt var no berre rimeleg. Men når folk som hadde levd i si dåpsspekt og vore å kalla ulastande kom i sjelenaud, måtte ein kalle det svermeri!

Og det var ikkje så få som tykte at når ein levde so godt ein kunne, fekk det klare seg. «Gud er nådig han vil ikkje nogen synders dom og død» - .

Desse to flokkane med to ulike livssyn måtte leve saman, men spenning vart det...



Uten tittel

A. P. Skrede -85

Ein draum er realisert

Tekst: Atle Hamar

Foto: Biletarkiv Firda

Ein vinterkveld for 15 år sidan. Ein gjeng smågutar føl med spente auge world cup-opninga i utfor i Val d'isere. Erik Håker suser nedover utforløypa, men diverre inga god norsk plassering denne gongen heller. Gutane er engasjerte, alpinsporten er spennande, men så fjern så fjern. Dette er ein sport som er lite utbreidd i Jølster, draumane om fart, spenning og elegant slalåmteknikk blir realisert i sjølvtrakka løyper på bøen heime.

15 år etter, så er situasjonen ein heilt annan. Etter mange års planlegging kan Jølster opne sin første store alpine skibakke: Draumen til smågutane er blitt realitet og Jølster Skisenter i Bjørkelia på Vassenden er i full drift. Det smågutane i TV-stova ikkje visste, var at planane om eit slikt anlegg i Jølster allereie var påbyrja. Skissene til eit alpinanlegg i Vardelia (aust for Bjørkelia) var teikna, men tida var ikkje moden for slik satsing. Kva skapte så grunnlaget for Jølster Skisenter?

På slutten av 70-talet voks det fram eit alpint skimiljø i den nedre delen av bygda. Dette miljøet fanga ikkje berre interesse hos ungdommen, men også foreldra vart engasjerte. Dermed byrja snøballen å rulle, og ei foreldregruppe gjekk saman om å kausjonere for eit lån, slik at ein fekk sett opp eit 250m langt tautrekk i Flugedalen. Denne vesle alpinbakken fekk ein rakettstart når det galdt oppslutning, og etter få år var den for liten. Stadig fleire og betre alpinistar kravde større forhold, og dei gamle planane i frå Vardelia vart plukka fram. Hausten 85 starta ryddingsarbeidet, og i januar 86 var 300m av bakken i bruk. Ryddingsarbeidet heldt fram, hausten 86 vart heismastene montert, og heile bakken var klar til bruk i januar 87. Ein 1000m lang trasè frå Øygardsstøylen til Bjørkelid, låg innbydande og ferdig til midten av januar.

Hardt arbeid

Men prosessen fram til det ferdig utbygde Jølster Skisenter slik det ligg i dag, var ingen enkel prosess. Mange hindringar måtte klyvast over, mykje hardt arbeid måtte gjerast av einskildpersonar, for å halde snøballen rullande. Eldsjelene i Jølster Skisenter opp-



Historisk dag i Jølster:

Skisenteret vart opna den 17. januar.

levde at storebror i vest, Førde, fekk sitt prosjekt i Blomlia køyrt gjennom byråkratiet på rekordtid, når planane om skisenteret på Jølster vart kjende. Det er heilt på det reine at lover og reglar ikkje fungerte på lik måte for desse to prosjekta, ei tid. Etter mange hårfine manøvreringar kom Jølster Skisenter i mål, jamvel om tippemidlar ikkje ville ligge føre før i 1988. Skisenteret fekk ein god start i sin første sesong, og inntektene vart langt høgre enn budsjettert når den første driftssesongen ebba ut i midten av april. Dette har vel stadfesta at skisenteret er liv laga, og det har nok dei fleste Jølstringar også innsett etterkvart. Sjølv om innsatsen var god både når det galdt økonomiske midlar og dugnadsarbeid, så var det mange som tvilte på at eit slikt prosjekt hadde ei framtid i Jølster.

Eldsjeler

Mange har vore med å jobba fram Jølster Skisenter. Ein person har likevel vore drivkrafta: Erik Nilsen. Utan hans pågangsmot og glødande engasjement, så hadde vel neppe Jølster Skisenter sett slik ut som det gjer i dag. Ved sidan av seg hadde Nilsen tre andre glødande interesserte personar: Even Kongsvik, Kåre Åsen og Sverre Gjesdal. Desse fire personane har brukt det meste av tida si dei siste åra på Jølster Skisenter, og dei har alle vore med i styret i selskapet. Mange andre har gjort ein kjempeinnsats, dugnadsinnsatsen har vore enorm, og folk frå heile bygda har ytt ein skjerv for å få til dette fine anlegget.

Varmestove

Og eit fint skianlegg har det blitt. Når sesongen nå startar, så er tilbodet ytterlegare forbetra sidan i fjor. Ei varmestove i sveitsarstil har blitt reist i tilknytning til bakken, og lysmastene er nå komne opp heilt til

→

Øygardsstøylen. På relativt kort tid har Jølster fått eit tidsmessig skianlegg som tilfredsstillar mange typar skiløyper. Det vert nå arbeidd med å få til langrenns-trasear i tilknytning til skisenteret, og turløyper er talrike i fjella bak Øygardsstøylane.



Frå opninga:
Ordførar Arne Sandnes (t.v.), Even Hole og Erik Nilsen.

Dette prosjektet har vist at har ein vilje, og vil ein stå på, så får ein det òg til. Eldsjelene har sikkert vore nære på å gje opp mange gonger i løpet av den tida prosjektet har pågått. Noko anna ville vere unaturleg. Men det viktigaste er at desse personane ikkje har gitt opp, og resultatet kan vi sjå i dag. Eit fint skianlegg, som trekkjer publikum frå heile Sunnfjord og stundom i frå endå vidare krinsar.

Løparane er blitt mange, det ynglar av talentfulle rekruttar i bakken. Skigleda er på topp, innsatsen er stor og Jølster har til og med fått løparar som hevdar seg i toppen på krinsplan. 2 KM-titlar til lovande

Jølstringar vart status etter fjorårssesongen. Hadde dette vore ein realitet utan eit slikt anlegg med gode treningsvilkår?

Ny epoke

Det er på det rene at skiidretten i Jølster går inn i ein ny epoke. Det er snart 30 år sidan at Jølster hadde alpinistar som hevda seg på krinsplan. Den gong var det Lars Fjell, Lidvald Klakegg og Co. som markerte seg på skikartet. Nå er ein ny generasjon i emning og Jølster har igjen fått eit mangfaldig skimiljø.

For dei komande generasjonar vil det vere ein heilt naturleg ting at det finst ein skiheis i bygda. Det er ikkje lenge sidan dette berre var ein draum for spenningslystne gutar som følgde ivrig med på TV-skjermen kvar gong det var overføring frå Mellom-Europa. Den oppveksande slekt vil nok kanskje ikkje i same grad oppleve denne draumen, og det er eit sunt teikn. Det tyder at det er utvikling i Jølster, det tyder at det skjer ting og det igjen er ein føresetnad for å gjere bygda attraktiv for ungdom som skal etablere seg. Dette perspektivet er minst like viktig som det sportslege, Jølster Skisenter har ein langt viktigare funksjon enn berre å vere ein arena for sportslege aktivitetar, det skal vere ein medverkande faktor til å bringe kommunen framover.

Men no er det skisesong, snøen ligg der innbydande, glitrande, heisen går og ungdom samlast. Kanskje lurar det ein ny Håker, ein ny Even Hole, i mange av dei glødande engasjerte borna, som boltrar seg i ein fin, fin, skibakke. Kven veit?

GOD JUL!



Nilsen og Co. kan puste ut etter ein lang og hard innsats.

Ein innbydande bakke og ei splitter ny prepareringsmaskin.

Støa

— min barndomsheim

Av Torbjørg Løset

Til dei som ikkje veit kva Støa er, kan eg fortelje at det eingong var ein husmannsplass, eit lite trekanta jordstykke, godt inngjerdt av høge steingardar, tilhøyrande ein stor bondegard — yste garden i Svidalen. Når eg går forbi der — og det gjer eg ofte, so tenkjer eg på at bestefar, som «lånte» dette jordstykke på si levetid, måtte ha sett at det var ein fin stad å bu på. Og natura ikring er den same no som då han busette seg der for vel hundre år sidan.

Det var han bestefar min som bygde seg hus og heim på den vesle flekk. Det var so vanleg den tid i bygda at eit stykke jord du på leige fekk.

For dei som ikkje var odelssøner var ikkje livsvegen alltid lett. Dei fekk nok arbeid — men låge løner, dei laut nok lære seg bergingsvit.

I best'farstova kom fire søsken, og ein av dei var min kjære far. Ein draum om heimstad for seg og sine som alle andre han i seg bar.

Eit hus han bygde medan han venta på eit høve til å få seg ein stad. Det var vondt å skjønna for ei lita jente at noko anna enn Støa kunne vere bra.

Den vesle Støa var heile verda for oss den tida då vi var små, den trygge stova — dei høge gjerda — dit kunne trollskapen ikkje nå.

Det var kje vidder og store teiger, som gav oss lukke i barneår. Nei gleda vår — og den var vår eiga var mor og far, og so heimen vår.

Det skein eit ljøs i vår vesle stove, det steig ein song mot det høge blå, det var so verdfull og rik ei gåve, det beste minne vi kunne få.

Ser du mot vest ein sumarkveld ved soleglad, skal du leite lenge etter finare landskap. Det høgreiste Tindfjellet gjev livd for nordvest-vinden. Mot nord ligg det ei skogkledd li, lun og ufårleg. I aust har vi dei staute fjella Klauva, Bjørsetfjellet og Orkja som kappast om å spegle seg i det blanke Jølstravatnet. På andre sida av vatnet kan ein sjå alle gardane frå Årneset til Leirgrovbakkane. Fjella vi skimtar lengst i vest tilhøyrer Førde, og midt mellom alt dette ligg Støa.

Men år og tider dei bort har runne, det er langt frå barndom til gråna hår. Men mang ein tanke har vegen funne attende til Støa — til heimen vår.

For lenge sidan er husa borte, to trauste murar der endå står. Eg saknar sårt dei som far min murte til vedahuset og stova vår.

På best'farmuren ligg store heller der tre og mose har slått rot og gror, om slit og arbeid dei kan fortelje om ikkje nett det vert sagt med ord.

Der huset stod er som ein hage med ville blomar og mangt slags tre, ein lund som kviskrar om farne dage — ein signa stad med so sæl ein fred.



Jølster URK

Avd. LANGHAUGANE

med ei gruppe frå 7-10 år og ei gruppe frå 10 år og oppover.

Avd. SKEI

med ei gruppe frå 7-15 år.

URK er ei undergruppe av Røde Kors. Røde Kors vart starta av Henry Dunant i 1863. Han var på forretningsreise og kom til byen Solferino i Italia samtidig som hæren støtte saman i eit stort og avgjerande slag. Då Henry Dunant såg korleis dei såra lei, gløymde han forretningane sine. I staden byrja han å organisere hjelp. Det vart etter kvart ordna sjukestover i kyrkjene rundt slagmarka. Nokre soldatar og innbyggjarar hjalp til med å pleie dei såra. Men der var for få til å kunne hjelpe alle. Der var berre nokre få som hadde utdanning i førstehjelp. Ofte var det omtanke, medkjensle og at nokon brydde seg om dei, hjalp dei å skrive brev eller var hos dei når dei døydde viktigast.

I byrjinga vart austerrikarar behandla dårlegare enn italienarar og franskmenn. Dette kunne ikkje Henry Dunant godta, han tenkte annleis, og sa at same kva land dei såra kom frå, skulle dei handsamast likt. Etter ei tid følgde hjelparane hans eksempelet til Henry Dunant. Nokre sa «tutti fratelli», som tyder «vi er alle brør». Dette vart seinare mottoet til dei som hjalp dei såra.

Det som Henry Dunant opplevde desse dagane gjorde eit sterkt inntrykk på han. Han såg unødig lidning hos dei såra og den sterke viljen til å hjelpe blandt dei mange frivilljuge. Henry Dunant byrja å tenkje på å starte ein frivilljug hjelpeorganisasjon. For å spreie ideane sine skreiv han boka «Eit minne frå Solferino». Han ville at det skulle startast frivilljuge organisasjonar i alle land og at alle hjelparane skulle vere nøytrale, dvs. ikkje ta part for den eine eller den andre. Dette var noko nytt som mange stilte seg uforståande til. Litt etter litt fekk han støtte og det vart nedsett ei gruppe som skulle utarbeide Dunant sitt forslag meir detaljert. Hausten 1863 vart det inkalla i møte i Geneve. På denne konferansen vart Røde Kors grunnlagt. Norges Røde Kors vart stifta i 1865 av ein mann som heitte Fredrik Stang.

For at born og ungdom skulle få ta del i Røde Kors arbeidet vart det oppretta eigne Ungdommens Røde Kors Avdelingar avkorta til URK.

URK sin formålsparagraf er: Ungdommens Røde Kors arbeider for å fremje Røde Kors Prinsippa blandt born og ungdom gjennom utøving av praktisk dugleik, kontaktskapande og internasjonal verksemd.

Jølster URK avd. Skei vart starta vinteren -85. Vi var



ca. 20 medlemmer i byrjinga og dette steig til 32 medlemmer første året. Seinare har vi stabilisert medlemstalet på ca. 25. Vi hadde møta våre i misjonshuset på Skei annakvar mandag, der vi leigde peisstova. Første halvåret lærte vi mest om bandasjelegging og førstehjelp. Vi la bandasjar på fot, hender, armar og hovud. Vi har ofte måtte spørje medlemmer i Hjelpekorpsset om hjelp til undervisning og dei har velvillig stilt opp og lært oss om spelking av beinbrot, fjellvett, livredning, munn mot munn metode, samband m.m.

Vi har vore med å arrangert Vinterleikane for psykisk utviklingshemma som har vore her på Skei kvar vinter dei site åra. Vi har hjelpt til med å trakke bakkane og løypene. Elles har dei største URK'ane stått i kiosken og dei andre har vore Heia-gjeng og ryddehjelp.

Elles er vi fast med Hjelpekorpsset i hytta deira i Dvergdsdalen i påska. Dette har vore spennande og lærerikt.

Kvar jul og påske er vi på besøk på sjukeheimen og i aldersbustaden. Før jul lagar vi juledekorasjonar og julepresanger til dei som bur på institusjonen. På besøket før jul syng vi julesongar og snakkar med dei gamle. Før påske lagar vi påskepynt som vi tek med til sjukeheimen og aldersbustaden. Det er koseleg å vitje sjukeheimen og aldersbustaden. Vi håper og trur at dei gamle også set pris på besøka våre.

I høve vinterleikane for psyk. utv.hemma har vi snakka ein del om kva det tyder å vere psyk. utv.hemma og kva vi kan gjere for at dei skal kjenne seg velkomne til Skei. Vi har teke for oss ein del tamahefte som er spesielt tillaga for URK-arbeid. Eit av desse omhandlar korleis det er å vere blind. Vi prøvde å skrive blindeskrift og vi prøvde å føre ein blind og å vere blind sjølve.

I vinter skal vi engasjere oss i aksjonen «Ja til eit fargerikt fellesskap» og bruke ein god del tid på dette. Alle desse aktivitetane kjem inn under formålspargrafane der vi skal fremje Røde Kors prinsippa.

I haust har vi fått vårt eige lokale, der vi har alle møta. Vi har leigd ei leilegheit der vi har god plass til alle aktivitetane våre. I haust har vi arbeidd med å skaffe møblar til lokalet vårt. No har vi så mange stolar at dersom vi sit 2 i kvar stol har vi plass til alle. Vi har 5 store URK'ar som frå i haust har vore med ledarane å hjelpe til. Det er Terje, Bergitte, Cato, Nina og Andre.

I sommar var det landsleir for URK på Haugland og frå Skei reiste Torunn, Edel, Nina og Bergitte. Dei to første dagane var veret bra, men dei siste dagane var det berre regn. Dette la ein dempar på aktivitetane, men der var mange URK'ar frå heile Noreg og representantar frå mange andre land i verda. På leiren hadde dei besøk av ein ubåt, der var kurs i førstehjelp, det var arrangert turar, karneval og diskotek og mykje meir. Altså nok å vere med på. Og deltakarane reiste heim med mange gode minne.

URK-gruppene i Jølster har same styre og har eit godt forhold til kvarandre. Det er lang veg mellom Skei og Vassenden så vi er avhengig av velviljuge foreldre som vil køyre dersom vi skal ha møte ilag. Vi prøver å ha 2-3 samlingar i lag i løpet av året der UKR-ane er vertskap for kvarandre. URK-gruppene i Jølster har stor aktivitet og i stadig framgong med framtida framfor seg.

Ungdomens Røde Kors vart oppstarta i Jølster hausten 1983, og det har sidan den tid vore stor aktivitet. Fyrste året var det ei gruppe på Vassenden med ca. 30 medlemmar, men allereie etter ein sesong måtte vi til med to grupper. Medlemmane vart oppdelt etter alders-trinn 7-10 år og over 10 år.

Vinteren 1986 vart gruppa på Skei oppstarta, og medlemstalet har berre auka og auka. Dei siste 2 åra har talet lege på ca. 60 medlemmar, og vi har dermed vore den største avdelinga i fylket.

Aktivitetane våre har vore varierte, men dei tre hovudpunkta organisasjonen legg vekt på er «Praktiske



ferdigheter», «Sosial virksomhet» og «Internasjonal virksomhet». Utfrå desse hovudpunkta har vi lagt opp terminlistene våre.

Kvart år har vi vore på aldersheimen på «julevisitt». Då har vi med oss julegaver, som vi har laga sjølve, og vi brukar å synge julesongar for pasientane. Dette brukar å vere eit populært innslag både hos medlemmane og dei eldre.

Vi har eit godt samarbeid med hjelpekorpsset her på Jølster, og har ofte fått vore med på øvingar. Når vi skal ha førstehjelpsundervisning, brukar vi instruktørar frå hjelpekorpsset. Elles har vi vorte inviterte til å vere med på korpsmøte når dei har føre seg ting som kan vere aktuelle for oss òg. I vår arrangerte vi i samarbeid med hjelpekorpsset ei ulukke der medlemmane fekk prøve i praksis det dei hadde lært på førstehjelpsundervisninga.

Dei fyrste åra var vi med på «Jamaica-prosjektet», som var ein landsomfattande URK-aksjon for oppbygging av barneheim på Jamaica. For å få inn pengar til dette, arrangerte vi basarar og kakelotteri.

Sist vår var det «Landsleir -87» som var den store aktiviteten. I minstegruppa laga vi maskot til leiren, og i størstegruppa laga vi «banner» (bilde) til leiren. Den var 1,5 m breid og 11 m lang, så med den hadde vi arbeid mange kveldar. Det var 18 medlemmar og 2 ledarar her frå Jølster som reiste på leir, og vi hadde ei kjempefin veke, sjølv om været svikta oss.

Det er heile 3 år mellom kvar landsleir, men dei andre åra er det fylkesleir på Haugland, der vi «campar» i lag med utviklingshemma barn og ungdom. Jølster har sendt deltakarar på leir kvart år sidan vi starta.


Av aktivitetane elles kan vi nemne baking, forming, symjing, natursti, filmkveldar, brannvern og teori om Røde Kors organisasjonen generelt. Ofte har vi besøk av folk utanfrå som f.eks. frå blindeforbundet, politiet eller skulepsykolog. Vi vil lære medlemmane litt om korleis det er å vere annleis, og har difor hatt emner om korleis det er å vere blind, funksjonshemma, flyktning osv. Dette er mykje frå emnehefter som vi får frå Norges Røde Kors, og som er lagt opp spesielt for Ungdomens Røde Kors (URK).



Eit ungdomslag i 80-åra

Bladet JØLST tek kvart år føre seg eit lag eller ein organisasjon i kommunen. Denne gongen er det Eikås Ungdomslag sin tur, og ein innflyttar vart beden om å ta seg av saka.

Eg har budd i Eikås krins i 6½ år, og vore nokolunde aktiv i Eikås UL. i 6 år. Difor vil denne artikkelen omhandle dei siste 5-6 åra. Eg skal ta føre meg ein del aktivitetar laget har drive med, trekkje fram eitt og anna minne, og få med litt av det positive ved å stelle med eit ungdomslag.



Barnestemna 1983. Stemnetoget.

Det Eikås Ungdomslag er mest kjent for, er truleg festane 2. juledag og 17. mai. Dette er festar med godt rykte, artig program, herleg mat og mykje folk i alle aldrar. Kanskje hovudårsaka til suksessen er nettopp den at alle kan vere med, frå førskuleborn til bestemor og oldefar. I vår fjernsyns- og videotid er det sjeldan folk går til kvarandre slik dei gjorde før, så her har dei høve til å treffast for å slå av ein prat, underhaldast «på gamlemåten» — og trimme dansefoten. Dei seinare åra har den yngste garden nesten fortrent foreldre og besteforeldre frå dansegolvet når Olav & Co. har spela opp ein feiande vals, polka eller reinlender. Og det må nok leikarringen ta skulda for. Han vart starta hausten 1981 som eit tilbod til 6-14 åringar. Eg hadde ikkje budd mange vekene i Eikås krins (visste vel knapt at eg tilhørde Eikås eingong!) før ei smilande Anita kom på døra og sa noko slikt som at «No du er blitt Eikåsværing, kan du kanskje ta på deg å starte ein barneleikarring i ungdomslaget?». Det vart til at eg kunne det, og vi dansa, song og leika i 5 år.

Først var vi to grupper, sidan tok Gjesdal UL. over den eine gruppa. Saman har dei to ungdomslaga m.a. skipa til stemne for alle barnelaga i Sunnfjord UL. Det var rundt 250 deltakarar, vakkert vårver og fornøgde fjes å sjå den aprilhelga i 1983. Og alt som fanst av iskrem i heile Vassendenområdet vart kjøpt og fortært

av tørste, varme og bunadskledde ungar i alle aldrar.

Andre fine minne har vi frå framsyningar på nemnda 2. dags- og 17. maifestar på Eikås, på alders- og sjukeheimsbesøk, og på hotellet, der utanlandske turistar let seg imponere av blide, bunadskledde ungar som med song og dans gav dei eit lite innsyn i norsk kultur. Kanskje den aller største opplevinga var på Sunnfjord Hotell, der vi fekk tilgang til det mest fantastiske koldtbord etter framsyninga! Og så heimturen derifrå, så danseleiaren sin SAAB hadde «vondt i viljen» og nekta å gå i anna gir enn første og fjerde. Vi køyrde i første gir frå Eikås, innom Støfringshaug og heim i Hjellbrekkfeltet. Slike opplevingar er artigast når ein kan sjå tilbake på dei.....

Det har visst vore uvanleg at born dansa springar. På NU-stemna 1985 dansa vi m.a. Jølstraspringar til framsyning og gjorde stor lukke. «At ungar verkeleg kan danse springar så godt!» var kommentaren frå veteranar i andre ungdomslag. Seinare har representantar frå laget dansa på fylkes- og Vestlandskappleikar, og gjort ein fin innsats.

Sist vinter var leikarringen mellombels nedlagt. Likevel fekk vi tromma i hop 7-8 par i sommar, då vi var inviterte til Eidsbugarden ei helg. Vi dansa ute i vakker høgfjellsnatur, og kosa oss elles i trivelege hus og hytter og med gode hotellmåltid. Det leiaren hugsar best, er kanskje eit par lange 15-åringar som stadig hadde vanskar med å kome tidsnok til framsyningane....



Klubbkveld.

Ungdomsklubben som vart starta opp hausten 1984, vart dessverre ikkje så vellukka som vi hadde håpa. Det byrja bra: 14-16 åringar gjekk til arbeid med liv og lyst. Dei reiv ned gamle skåp, vaska og skrubba tak og veggjar, krokjar og krinkar, skura og lakka golv, sydde nye gardin, lampeskjermar og trekk til madrassar. Dei skaffa møblar som hadde gjort sin jobb

Framhald side 21

Grindagut med «adleren»

Av Eirik Kristian Steinset

Rasmus Håheim er den tredje i ein syskjenflokk på femten, og har hatt ein livleg barndom med mange opplevingar.

No er han 77 år gammal og pensjonert, han driv med snikking og litt treskjering for å ha noko å gjere på.

Ein familie på 17 stykker, det var mange munnar å metta. Kva for slags mat var det de brukte då du var liten?

Vi brukte for det meste potet og natronkaker, og sveler, så ho mor måtte steikje kvar dag. Av og til til helgane sykla eg til Byrkjelo og kjøpte fire brød. Vi måtte ete graut og drikke surmjølk til kvelds.

Fekk de kjøpe appelsiner då du var liten?

Vel, vi fekk berre appelsiner til jul, men druer fekk eg ikkje smake før eg var 11 år gamal.

Kva gjorde de for å skaffe pengar til mat?

Far dreiv som bygdeskomakar. I tolv-trettenårs alderen var eg grindagut i tre somrar. På den strekninga som eg var grindagut på Grungen-Vadheim, var det 45 grindar. Eg fekk 2 kroner dagen og kost. Vi fekk bu og ete på hotell i Vadheim, vi budde på nummer 2. Mange gonger fekk vi meir i driks enn daglønna. Dei som ga minst i driks var tyskarane. Ho som eg fekk mest i driks av, var ei sakførarfrue som budde i Førde. Det var heile 12 kroner.

Når bilane var fulle, måtte grindagutane stå ute på stiggrettet og når det regna og vi kom til Vadheim, var vi søkk gjennomvåte, for vi hadde ikkje regnty. Då var det berre å gå til sengs i våte klede og tørke dei på kroppen. Ein gong var eg heldig. Ein mann som tykte synd på meg gjekk inn på butikken til «Vattekar» etter at vi hadde komt til Vadheim og der kjøpte han regnjakke og sydvest til meg. I fint vær var det kjekt å være grindagut.

Somme tider var vi heldige og fekk sjokolade og anna godt av passasjerane. Ein gong fekk eg så mykje spisesjokolade frå borna til sakførarfrua, at eg åt meg heilt sjuk. Lenge etter den dagen tålte eg ikkje synet av sjokolade.

Den Adleren som Firda Bilag eig og brukar på veteranbilløpa følgde eg ein heil sommar.

Det var triveleg å vere i Vadheim når båten kom frå Bergen. Eg syntes i det heile at det var kjekt å tene mine egne pengar på ein sånn triveleg måte.

Kva slags klede brukte de på den tida?

Vi hadde korte knebukser og jakker. Vi skulle ikkje ha lange bukser før vi var konfirmerte. Det var skikken

på mange stader då.

Rasmus fortel også frå jula då han var liten. I min barndom fekk vi ikkje julegaver, men vi fekk drops og litt neter og ei appelsin på julafta. Vi hadde risengrynsgraut til kvelds og så kjøpte vi kveitebrød og lagde sveler og potetkaker.

Seinare i jula reiste vi rundt på gardane og gjekk rundt juletre. Det vi gledde oss mest til var julefesten i gamle skulehuset på Klakegg. Ved nyttår kledde vi oss ut og gjekk rundt på gardane som nyttårsbukkar. Då fekk vi som oftast kjeks, litt neter og kansje drops.

Det neste spørsmålet eg stilte var om Rasmus gjekk på skulen?

Til det svara han at han gjekk på Klakegg i sju år, som skuletida var då. Vi gjekk annankvar dag. Det var tre år i småskulen og fire år i storskulen. Vi var fyrste, andre og tredje klasse i lag, og fjerde, femte, sjette og sjuande klasse i lag. Småskulen var tysdag, torsdag og laurdag og storskulen måndag, onsdag og fredag. I min klasse var vi ca. 22 elevar.

Kva gjorde de i friminutta?

Om våren og hausten når det var bar bakke dreiv vi med friidrett. Vi konkurrerte i lengde og høgde. Vi sprang 100 meter og spelte Jeppe.

Om våren når skulen var slutt, fekk gutane ei veke med sløyd. Vi hadde tolv små høvelbenkar som vi tok ned frå lemnen. Vi hadde sager, høvlar, hamrar, stemmjarn og vinklar. Det vi laga var skamlar (krakkar), fuglehus, saltkjerald og skjerebrett. Straks veka var ferdig, hadde vi utstilling for oss sjølve.

Kva slags fast arbeid var det første du fekk?

Det var lite arbeid å få då eg var ung. Det meste var jordbryting og grøftearbeid. Om vinteren var det steinkøyring og litt skogsarbeid. Seinare begynte eg med vegarbeid, det var rein handemakt. Vi trilla stein og jord i trillebår og vi borte med hand. I 1932 var det 64 øre timen, og i 1935 var det 1 krone timen.

No hadde eg trøytt han Rasmus så mykje om gamle dagar, og eg spurde han om kva han tykkjer om pensjonist tilværet?

Til det seier han at den er bra og at hadde han ikkje hatt småsnekinga og treskjeringa hadde tida vore langsam. Han fortel også at han er litt i vedaskogen, men får ikkje gå der åleine med motorsag.

Av og til tek han seg ein spasertur og ser på vegarbeidet i Bolsetkleiva, eller han tek seg ein tur med den raude folkevogna.

problem

trollet
har
mange
hovud

eg
lyt
ta
eit
i
gongen

Ingunn Skeide

BØN

I himmelen skriv dei.
Harpa er avlegs.
Alle har skrivemaskin.
Herleg musikk
frå tusen maskiner
kallar på meg.
Eg bankar på porten.
—Lær meg å skrive, Herre,
så eg kjem inn.

Ingunn Skeide

Skattejakt

Sola strøydde gull over havet.
Eg ville ha det,
samle det i auskjeret.
Eg rodde og rodde,
men nådde det ikkje.
Det sokk visst,
men flaut opp att
lenger ute.

Ingunn Skeide

2 x 2m

Rommet var lite.
—Eg ynskjer meg
ein liten sofa
med eit lite teppe framfor,
eit lite skap
og ein liten kommode,
ein liten spegel på veggen
med ei lita hylle under,
sa eg til ungane.


—Ja mamma.
Så kan du låse den vesle døra
med ein liten lykkel.
Du kan stå på det vesle teppet
med dei små føtene dine,
henge dei små kleda
inn i det vesle skapet,
legge deg under den vesle dyna
og sove litt.

Ingunn Skeide

Du bur i hjarta mitt

Du bur i hjarta mitt.
Romma i hjarta mitt
er ikkje så fine,
men du har fått det beste.
I hjarterommet som høyrer deg til
er der ikkje fint panel
eller dyrt inventar,
men eg har sett inn der
alt eg har å gje deg,
mitt venskap,
mine beste tankar,
mine gode ynskje,
tillit
og kjærleiken min til deg.
I vederlag har eg
gleda over at du bur der.

Ingunn Skeide



GAMLESKULEN

Av Erling Helgheim

Årdal skule er lagd ned, visstnok endåtil etter ønskje frå fleirtalet i krinsen. Ja, det høyrest heilt utruleg ut eit godt tiår etter at dei slost så drabeleg for nettopp å hindre nedlegging, og ære vere dei for det.

Sentraliseringshysteriet som rasa over landet, gjorde mykje skade og var med og sette auka fart i fråflytting og utarming av gamle grender og bygdesamfunn. Farten var sanneleg stor nok frå før, og staten skulle spart seg for å skubbe ekstra på.

Etter kvart såg ein også vanvitet i øydelegginga og sette bremsene på. Gamle, vonbrotne Bondevik lyt få mykje av æra for det. Men lat no det liggje, det var Årdal skule denne gongen.

Årdalen var lenge eit slags kommunesenter på Jølst. Der var banken då det framleis heitte Jølster Sparebank og bankane framleis vart drivne av bygdas beste menn og til bygdefolks beste. No er dei vortne samanslegne og sentraliserte dei òg, som alt anna, og berre opp-tekne av å tene pengar — Gud veit til kva — mindre av å tene folket.

Nei, no fer eg visst på viddene igjen. Det var Årdalen. Der heldt altså banken til, og i banken hadde kommunestyret møta sine og grendefolket sine julefestar og basarar. I Årdalen var butikk og bilverkstad og altså **skule**. Eit lite, kvitt hus med to klasserom, eit lite lagerrom og boksamling og sjølvsagt eit endå mindre, kvitt uthus med vedskytje, gute- og jentedo av gammaldasstypen. Nett som tallause andre små skular i andre små grender. Endå står mange av dei langs vegane. Dei er lett kjennelege, og sørgjeleg få av dei er i bruk som skular lenger.

Årdal skule var også **min** skule. Der møtte eg opp om hausten i 1950 etter å ha sprunge tre kilometer i helene på ein eldre bror som var alt anna enn interessert i å møte opp i følgje med minstebroren.

Mødrene følgde ikkje borna til skulen første skuledag den tid, for ikkje å snakke om fedrene. Det var berre ein av førsteklasingane som hadde følgje av mora, og gjett om han fekk høyre det!

Skuleplassen var eit kapittel for seg. Ein sterkt skrånande, gruslagd affære, — dårleg vande som vi var — eit romsleg leikeland i korte friminutt som også då var dagens høgdepunkt. Vi slo ball og kvarandre, jakta på jentene og gjorde små og store fantestykke omtrent som ungar både før og etter oss.

På skuleplassen hadde vi ein og annan kroppsøvingstime, ikkje god, men gammaldags linjegymnastikk og «hoppe som ein liten og hoppe som ein stor ball», sidebøy og sidetøy og skrekk og gru så kjede-

leg, før vi fekk gjere noko skikkeleg som slå ball eller leike «hauk og due». Vi klatra over gjerdet til grannane og trakka i graset for å leite etter jenter og bortkomne ballar.

I det smålåtne skulehuset tente vi sju år for gode lærereistrar som påta i oss all den kunnskap dei makta og vel så det: salmar og songar, rettskriving og rekning, byar i Belgia og elvar i Asia og Luthers forklaring på både eitt og hitt. Og det Luther og lærarane ikkje ville forklare oss, fann vi ut sjølv med gode kameratars hjelp bak dovegger og husnover.

Det var eit liv i angst og pine, i glede og lyst, i evige forelskingar og svart sjalusi.

Det var forbodne turar til J.N.'s landhandel for å kjøpe 5-øres smørbukk-karamellar eller Toms kjeks og ei flaske brus når vi skulle på skogplanting. At nokon kunne finne på å gjere slutt på plantedagane! Snakk om lokalorientert, praktisk undervisning! Og så moro som det var, når ein var heldig med jenta. Ja, det var sjølvsagt gutane som grov, og jentene som planta. Det var kamp om dei mest populære, og fekk ein ei av dei, var lukka gjord for lange tider. Der var ikkje berre god granskog det vart lagt grunnlag for slike dagar.

Det var sju lange, men — i attersyn - gode år som gav eit godt grunnlag for vidare skulegang eller andre sysler. For mange kunne det nok vere hardt nok. Mobbing og plaging fanst minst like mykje då som no — kanskje meir — utan å vere sett namn på og utan at nokon gjorde noko med det. Dessverre. Eg har mange, svarte synder å sone på det området. Einaste orsaking må vere at vi ikkje visste kor gale vi gjorde. Men det er ei dårleg orsaking og slett inga hjelp for dei det gjekk ut over.

I småskulen hadde eg m.a. Anders Viken som lærar. Tenk for eit privilegium! Snill og omgjengeleg, komponist og utøvar av Guds nåde, og han delte nådegåvene sine med oss og spelte Jølstrabrura, Huldresølvet, Brulandsvalsen og mange, mange fleire inn i sjel og hjarte på oss for resten av livet.

Vi lærde mangt om mykje, og stort sett trur eg vi gjekk i ein god skule, fullt på høgde med det som større stader kunne varte opp med, takka vere stabile og gode lærarkrefter frå då det endå var vanleg med «lærar og kyrkjesongar». Han hadde ein viss posisjon i bygdesamfunnet og hadde gjort seg fortent til det. Han Ingolf var eit omgrep og ein institusjon.

Det var vår skule, og no er det altså slutt også for han. Og eg kjenner at det er litt rart med det. Endå ei side i boka er snudd, eit nytt kapittel er ferdig.

Måldyrkingslaget i Ålhus i Jølster

Det var so stussleg og langsamt i krigsåri. Alt lagsarbeid var godsto stogga. Ikkje brydde ein seg um å fara so langt, ein vart so illehuga når ein såg dei grønklede. Men einsemd tyngjer, og ein lengta etter samvær med vener og åndsfrandar.


Den 30. august 1943 møttest nokre karar i prestegarden i Jølster. Presten Kallhovd var med, og so H. Thune, A. B. Hamar, Kr. Eikås, Ingolf Helgheim, Einar Veiteberg og Eirik Hjelmbrække. Kva dei skulde i prestegarden? Dei skulle skipa eit måldyrkingslag. Laget vart skipa, det har vore i verksemd kvart år sidan, og er like arbeidsført den dag i dag. Veiteberg flytte frå bygdi um ei tid, og Helgheim budde so langt undan at det var stridt å koma til møti, so han au gjekk i frå då det leid eit bel. Då Oddmund Klakegg vart sett til lærar i Myklebost, kom han med i laget.

Eit måldyrkingslag? Ja dei vilde dyrka eller odla målet, talemålet og skriftmålet. Kvar for seg og i møti har dei prøvt å skilja seg av med unorske ord og vendingar i talemålet sitt. Dei gjæter på kvarandre, og brukar svipa når ein eller annan er so gålaus at han kjem med eit dansk eller dansk-tysk ord. Men so hjelpest dei åt i stor vensemd: dei må finna ein god avløyser.

Men det er skriftmålet dei har streva mest med. Dei har nytta «Ymse rettleidingar i norsk målbruk» av professor Seippel. Det heftet har dei lese i på kvart møte mest, teke ord etter ord, og samtala um dei. Står dei opprårde, skriv dei til ein mann dei lit på og spør seg til råds. Dei var 'kje heilt samde med Seippel i det han skreiv um «vinst» og «vinning». So vende dei seg til professor Sigurd Kolsrud, og han skreiv attende kva han meinte. Dei har vendt seg til Kolsrud um andre målspsursmål au, og til Severin Eskeland. Båe tvo har svara vensamt og gjeve sers gode rettleidingar.

Arbeidet har elles vore skiftande. Ein vinter skreiv dei kvar sin stil heime hjå seg sjølve, tok dei med til møtet, saumfor dei og tala saman både um det som var godt og det som var ringt. Umsetjingsarbeid har dei au vore burti. Då Fjordane samskipnad for Israelsmisjonen skulde skipast, sette dei lovene um til nynorsk. So har dei sett um stykke av Alexander Kielland og Johs. V. Jensen, og sleit hardt. På fyrste møtet etter las dei opp, og prøvde å semjast um beste løysingi. Dei vølte målet i ruteheftet åt Firdabilane au, og let Kolsrud sjå på framlegget, men det var visst ringt arbeid, etter det ein kan skyna. Stundom har dei lese opp dikt eller prosa,

Framhald side 22



Aukhill Paus-Sherde-86

Dikt og teikningar frå

Dådyr er ute i snøen.
Nissen han kjem på besøk
Bror fekk ein bamse med snøre,
og vi åt stekt fisk og løk.

Siv

Ja no er jula her igjen
med vasking og skuring
med all si kraft
men når juleklokkene
ringjer då må alle
vere ferdige

Hildegunn

No er det Jul i heile verda
med pakkar og lys i alle heimar.
No er det jul, no er det jul.
I jula blei Jesus fødd i Betleheim i Betleheim.
Dei svøpte han og la han i ei krybbe.

P.A.A.




Det er: snø og snømåking
Det er: vasking og baking
Det er: kjøping av gáver
Det kjem: nisser og dverger.
Det er jull!

Oddhild

No er det jul igjen.
Eg gleda meg til i kveld,
for då skal eg opne pakkar,
å ete ribber og drikke brus.



5B Vassenden skule




Kaker og brus
 ribber og snus
 Pepperkakehus
 kler med lus.
 Jula senker på
 med sus og dus!

Snart er det jul og vi må lage fest.
 Då må vi rydde, vaske og bake.
 Men kven skal vere vår gjest?

HUNDEN? Nei! JESUS? Ja!
 Miriam

Det er midt i desember.
 Og jula er her snart.
 Dei fleste har henta juletreet sitt.
 Og pynta det med masse fine ting.

Roger



Karusellrenn på ski

Av Alf Støfring



Stor oppslutning om karusellrenna!

Mange smårollingar startar kvart år i det vi kallar karusellrenn. Dette er ei tevling der ein får premie etter kor mange tevlingar ein har delteke i. Frå først av var det berre i langrenn, men i fjor kom også alpint med. Til vinteren vil vi freiste med hoppkarusell, så får vi sjå om det endar med knall og fall.

I fjor deltok nær 200 born i desse tevlingane og det tykkjer vi er flott. Mange av dei som er med i desse tevlingane kjem att fleire år etter ein annan, først når ein kjem opp i 10 års klssa vert det litt alvor med tidtaking og slikt. Det viktigaste er å vera med og å ha det moro på ski. Og at det er moro står å lese i strålende blide barneandlet, sjølv om det treffer at det er både vått og kaldt. Skulle det treffe at ein småtass manglar litt trening så er det ekstra gildt at mor eller far kan fylgje rundt sporet.

Noko av det som er viktigast for dei aller minste, er at dei får skikkeleg startnummer med tal på og reklame for banken. Dei vaksne ser også ut til å trivast sjølv om søndagsmiddagen må vente. Dei er opptekne med smørjeproblem, og det er nok ein og annan som har skismørning både i hår og skjegg etter eit karusellrenn. Nokre av dei som har starta i karusellrenn har trena seg fram til å få delta i større tevlingar, og jølstringane har tradisjonar å ta vare på. Mor er det å sjå at dei

hevdar seg godt også utanom fylket, og det varmar når jenter og gutar hentar heim heider og ære til bygda.

Vi som steller med skiidrett i bygda ynskjer at kvar jølstring vert ein skiløpar. Løypene og bakkane ligg der og ventar på deg, så tak med deg born eller borneborn eller nokon du trivest i lag med og ta deg ein skitur.

Ein skitur er helsebot både for kropp og sjel.



Er det eit komande skitalent i ungen min tru?

Premieoppgåve for heile familien

G	O	T	P	H	A	F	F	P	S	A	K
R	T	Ø	V	Å	Å	L	L	K	V	B	R
E	L	B	O	H	M	N	A	L	I	R	T
B	Ø	S	T	E	N	S	T	A	D	E	R
E	S	M	E	I	R	U	J	K	A	N	U
T	E	I	S	M	I	T	O	E	L	D	O
I	T	R	R	K	P	A	R	G	E	E	V
E	D	G	Å	S	E	S	D	G	U	N	P
V	I	K	E	N	G	J	E	S	D	A	L
S	S	E	N	S	L	E	J	K	T	V	P
M	Y	K	L	E	B	U	S	T	D	B	A
A	S	Ø	G	N	E	S	A	N	D	I	U

Her er gøymt 16 gardsnamn frå Jølster. Les vassrett, loddrett, framlengs og baklengs, og sjå om du kan finna dei. Skriv løysinga på eit ark og send til

JØLSTER MÅLLAG

Boks 62
6850 Skei

innan 12. januar. Bokpremiar.

Dette er nynorsken i dag:

- Talet på nynorskbrukarar nærmar seg 1 million.
- 90.000 elevar (16,7%) i grunnskulen brukar nynorsk (1985)
- 114 kommunar og 3 fylke har vedteke nynorsk som administrasjonsmål. 7 fylke er språklig nøytrale.
- Nynorske aviser blir trykte i opplag på over 1/4 million kvar veke.
- Nynorskprosenten i NRK var i 1985 slik:
19,3% i radio P1
17,0% i fjernsynet
15,9% i radio P2
- Nynorsk skjønnlitteratur står sterkare enn nokon gong både når det gjeld kvalitet og breidde.
- Det mest moderne teatret i landet spelar på nynorsk og dialekt.
- Nynorske musikktekstar har dei seinare åra nådd ut over heile landet.
- Nynorsk blir brukt som arbeidsspråk i dei fleste bransjane i næringslivet på lokalplanet.
- Det er utarbeidd eigne dataprogram på nynorsk.
- Nynorskordboka inneheld 25.000 fleire ord enn den tilsvarende Bokmålsordboka (begge to utgjevne i 1986).
- Kring 75% av det norske folket brukar ein nynorsk dialekt. Dialektane er det nynorske talemålet.
- Nynorsk er ein naturleg del av kvardagen for ein stor del av det norske folket. Mange institusjonar og firma ser bort frå dette. Det er å frivillig gje frå seg sjansen til å bruke heile det norske språket. Det er og eit overgrep mot kvar enkelt nynorskbrukar. Difor har over 19.000 menneske organisert seg i Noregs Mållag. Samskipnaden har 250 lokallag og 12 fylkeslag.
Har du råd til å stå utanfor?

Framhald frå side 12

Eit Ungdomslag i.....

heime, og dei tok med seg dukar og pynteting heimanfrå. Resultatet vart eit hyggeleg klubbrom. Kven gløymer vel den herlege, heimelaga pizza'en vi kosa oss med den første klubbkvelden! Tone og Tor-Aslak utfalda alle sine kokekunstar i ungdomshuskjøkkenet den kvelden. Seinare gjekk det på kjøpepizza og anna kjøpegodt. Ein ville heller vere på klubbrommet enn å stå i kjøkkenet heile kvelden.

At diskotek- og klubbkveldane glei ut i ingenting, kan vel ha fleire årsaker. Ei av dei er truleg at alt er så tungvint. Stereoanlegg måtte takast med heimanfrå

av velvillige klubbfolk. Oppvarming av klubbrommet tok si tid og var ikkje alltid god nok. Og her er vi straks ved eit problem som vert meir og meir aktuelt. Greier vi å halde på ungdomshusa i framtida? Ofte er dei dårleg isolerte, inntektene går til brensel og straum, og laga har ikkje pengar att til å drive laget — til t.d. å sende folk på kurs, folk som kan kome att og setje i gang nye aktivitetar. Ein må nok ikkje sjå bort frå ei framtidig samanslåing av fleire ungdomslag. «Saman er vi sterke», seier eit ord. Gamle skulekrinsar kan knapt haldast oppe i alle framtid. Kanskje vi må tenkje på å byrje «kike over gjerdet»?

ISH.

H
Å
R
E
K



Måldyrkingslaget i Åhus.....

det var reint, folkeleg mål dei vilde høyra, og so vart det samtale etterpå både um innhaldet og målføringi. Siste vinteren tok dei fyre seg «Manns blod» av Johannes Heggland, las boki kvar for seg heime, og hadde ei uvanleg gild samtale um boki på eit møte. Stundom har dei jamført gamal og ny bibelumsetjing. Det var ei utifrå god rettleiding um godt folkeleg mål. Ein gong skreiv dei møteboki åt eit heradstyre, skreiv det heime hjå seg sjølv. Vonleg vart det godt norsk mål, men dei tykte arbeidet var «turt».

I 1944 tok dei ut på misjonsferd. Fyrste møtet vart halde i Eikås 21. mai. Kr. Eikås tala um «Målet vi talar», og A. B. Hamar um «Kvi skal vi nytta godt norsk mål». Thune song folketonar. Kallhovd styrde møtet, og han tala til slutt. Elles vitja dei Vikja, Åhus og Veiteberg. Anders Viken var med på dei tre sistnemnde stadene. Han spela norske folketonar. No siste våren var dei til Solvang og tala, song og spela åt den store ungdomsflokken. Det var ein takksam møtelyd.


Men laget driv ikkje berre med måldyrking, det er eit mållag au. Og ein kan vel segja at dei har vore ihuga vaktmenn i so måte.

Dei skreiv til finansdepartementet og Noregs bank um nynorsk tekst på dei nye pengesetlane, til Norsk rikskringkasting um å nytta *meir* norsk og *betre* norsk, til Norsk misjonsselskap um *meir* norsk i bladi selskapet gjev ut, og at bladet «Kom og se» måtte få eit norskare namn. Handelsmenn har fått oppmoding um å selja biletkort med berre nynorsk tekst, og at dei må slutta å selja bokmåls-vekeblad.


Fylkesvegstyret har fått påminning um norsk tekst på vegskilti og finansdepartementet um nynorske sparelutbrev. Dei som sende pakkar til utlandet, laut ei tid skriva ei fråsegn, på eit bokmållskjema. Laget skreiv til postverket um dette. Europa-hjelpi vart au purra, kor det hadde seg at dei ikkje jamstelte bæe måli. Og i Bergen fekk dei påtale for bokmålsplakatane dei spydde ut yver bygdene i 1944, då Bergensborni skulde sendast ut or byen um sumaren. Ein kunde nemna *meir* au, men det er vel alt berrsynt at den norske viljen er god og heil.

Laget har fem møte um året, eitt møte hjå kvar av dei som er med. Det vert valt ny formann og skrivar kvar haust. Siste året var A. B. Hamar formann, Kallhovd skrivar. I 1948 er Kristian Eikås formann.

Eirik Hjelmbrække



Aukhill Paus Skote-86



Reproduksjon av Nikolai Astrup sine måleri

	m/råme	u/råme
Vårkveld i Jølster	690,-	250,—360,-
Varmen kjem i jorda	490,-	150,—240,-
Sandalsstrand	210,-	
Jonsokbål, lite form.	210,-	
Fugl på stein	525,-	150,—250,-
Kvennagong	210,-	
Blomstrande epletre	675,-	250,—340,-
Seljehallen	450,-	150,—210,-
Interiør m/krukke	400,-	140,—200,-

AUDHILD VIKENS VEVSTOVE

Skei - Tlf. 28 125

Såvarer Kraftfor Kunstgjødsel Landbruksmaskiner Verkstad



VALMET

Ta kontakt med oss:



Bergen Skei i Jølster Etne
Tlf. 05/325500 Tlf. 057/28202 Tlf. 047/66544
5800 SOGNDAL — TELEFON (056) 71 905



Rør og rørartikler
Sanitæranlegg og utstyr
Varmeanlegg med ved og flis
Varmegjenvinningsanlegg
Kjøkken innredning
Baderom og møbler

JØLSTER RØR A/S

Aut. rørleggermester
TROND AARDALSBAKKE

6850 Skei i Jølster



Jølster Samyrkelag

Avd. 001 - Skei i Jølster - telefon 28 377
Avd. 002 - Stardalen - telefon 28 929
Avd. 003 - Årdal - telefon 27 644

Firma Gunnar Hylderås

Ass. Landhandel
Sanddal tlf. 27 656

Medisinutsal - Kommissjonær - Norsk Tipping

KRAMBUA SIGURD KLAKEG

6850 SKEI TLF. 28122

FØRDE SAMYRKELAG

Avd. Vassenden

DIN EIGEN NÆRBUK

Sivita

6850 SKEI — TLF. 28 155

KLEDE FOR
BARN,
UNGDOM
OG VAKSEN



OPNINGSTIDER:
Kvrdag: 07.30-22.00
Laurd.: 08.30-20.00
Sønd.: 09.30-22.00

VENT MEIR AV OSS

SKEI SERVICENTER

v/Ola Fugle
6850 Skei i Jølster. Tlf.: 28 234



PÅ VEG TIL  - EKSTRA

Kr. Myklebust, Myklebust tlf. 27 673



Godt utval av Jeans produkter

frå Lois - Lee
for liten og stor

Lee[®]

KONFEKSJONSBUK


SHEI HANDEL

6850 SKEI I JØLSTER — TLF. 057-28 374

JØLSTER MÅLLAG

ønskjer deg velkomen som medlem i laget.
Vi treng fleire som aktivt støttar oss i kampen for nynorsken.
Støtt opp om ei god sak.

Adressa vår er: JØLSTER MÅLLAG v/ANNBORG BREKKHUS
6840 VASSENDEN I JØLSTER
POSTGIRO: 3 06 13 63



OTTO DALE VVS

6840 VASSENDEN

TLF.: 27 197

MOBIL TLF.: 094 - 71 249

Jølster Lenestol

MØBELTAPETSERARVERKSTAD

6853 ÅRDAL - Tlf. 27 612

ALF HELGHEIM & CO

AVD. SKEI — TLF. 057-28 311

UR — OPTIK — GULL — SØLV — MUSIKK
FOTO — LEIKAR

AVD. HELGHEIM — TLF. 057-28 164
DAGLEGVARER

OPE FRÅ KL. 10.00 - 20.00

JØLSTRAHOLMEN



6840 VASSENDEN — TLF. (057) 27 135



EIT
HYGGELEG
SENTER
FOR
HEILE FAMILIEN!

Velkomen
Eli og Egil

LÅGE PRISAR

DAGLEGVARER
VEGKRO
NORD-BENSIN
GATEKJØKKEN

SKEI LAKKERING

6850 SKEI I JØLSTER — 057 - 28 369

LAKKERINGSARBEID VERT UTFØRT FAG- OG KVALITETSMESSIG
TIL RIMELEGE PRISAR

Dekor- og Motivlakkering — Reparasjon av mindre skader
Sal av motorolje, rekvisita m.m.

Jølster folkebibliotek

Opningstider ved avdelingane

Hovudbiblioteket på Skei

Onsdag kl. 18.00 - 20.00

Torsdag kl. 13.00 - 17.00

Barnetime torsdag kl. 14.00 - 15.00

Avdeling Vassenden

Måndag kl. 18.00 - 20.00

Onsdag kl. 10.00 - 12.00

Barnetime onsdag kl. 13.00 - 14.00

Avdeling Sørsida (Myklebust grendahus)

Torsdag kl. 16.00 - 18.00

Avdeling Ålhus (Borja)

Måndag kl. 15.30 - 17.30

A/S **LEFI** BAKST
TLF. (057) 27 252

6840 VASSENDEN



GOMBINO

AUT. VÅPENFORHANDLER

6853 ÅRDAL I JØLSTER, Norway

Tlf. 27647

Alle typer
fliser - fasadestein - omner
stein og fugemasse



Jostein Viken

AUT. MURMESTERFORRETNING

6850 SKEI I JØLSTER — TLF. 057 - 28 194

VELKOMEN TIL GOD HANDEL

/

NÆRBUKTIKEN — ÅLHUS

telefon 27 888

OPNINGSTIDER:

måndag - torsdag: 09.00 - 17.00

Fredag: 10.00 - 17.00


Laurdag: 09.00 - 13.00

Vi er så «liten» at vi kan yte
personleg service — fleksibilitet.

Vi har eit miljø som du
ofte saknar i dei store sentra!

**Varesending kvar
TORS DAG**

«Turisthotellet i sydenden av Jølstravatnet»



Hotell for
ferie og
konferansar

Fisking - Segling
Vannski, Vindsurfing
Sightseeing

VELKOMMEN!

VASSENDEN HOTELL

Jølster, 6840 Vassenden, tlf. 27 300

**SJÅ MERKET —
VER TRYGG**



**Alle typer
elektroinn-
stallasjonar og
servicearbeid**

Kvalitetsvarer på bestilling!

Inst. Sverre Årdalsbakke

Skei - Tlf. 28 135

-DET MÅ BLI BRA!

EKO-TRYKK A.S. — MEIR ENN TRYKKERI!

Vi tar hand om trykksakene Dykkar — frå idé/skisse til ferdig produkt. Alt frå visittkort til fargebrosjyrer, bøker og tidskrift.

DU FINN OSS

i lyse og trivelege lokaler, totalt 600m², hos Farsund Bygg, på Kronborg i Førde.

MASKINPARKEN

omfattar i dag 4-fargemaskin, format opptil 46×64cm, 2-fargemaskin i same format, 1-fargemaskin som tek A3 format, og 1-fargemaskin i A4/A3 som er spesielt godt eigna for trykking på konvoluttar.

Vårt MCS fotosatsanlegg med kommunikasjon via modem, eller ved levering av diskett, gjer at trykksakproduksjonen kan gjerast svært raskt.

KVIFOR IKKJE TA TUREN DIREKTE TIL TRYKKERIET — DET KAN LØNE SEG!

eKO
EKO-Trykk A.s
6800 FØRDE — TLF. (057) 22 884/23 711

NO KAN DU KJØPE

TRELAST

PÅ JØLSTER!


- * Innvendig panel
- * Golvbord
- * Utvendig kledning
- * Plank
- * Boks
- * Lekter
- * Listverk

Kvar dag
kl. 07.00-15.30

I DI EIGA BYGD:

JØLSTER BYGG AS
6840 VASSENDEN I JØLSTER — TELEFON (057) 27 415

SMS — Sparing med skattefrådrag er framleis det beste «skattetrekket.»



11% rente frå første krone 35% skattefrådrag


SMS kontoen kan etter 4 år gje deg 24,0% avkastning pr. år på sparepengane dine. Betre sparetilbod finn du ikkje. Enda om skattefrådraget vert redusert til 25% er dette framleis det beste sparetilbodet.

Den effektive renta vil då bli 20,1% pr. år etter 4 år og 14,9% pr. år etter 10 år.

Ta turen innom Sunnfjord Sparebank. Hugs på at du ikkje er bunden til å spare 4000 kroner i året. Du må gjerne spare mindre — eller meir dersom du er i skatteklasse 2. Pengane kan du ta ut til bustadforemål alt etter 4 år.



**SUNNFJORD
SPAREBANK**



Arktis Busstede - 86